



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Øyro 49, 5200 OS

Telefon: 56572400.- E-post: post.bjornafjorden@kyrkja

Beredskapsplan for Den norske kyrkja i Bjørnafjorden ved kriser, ulukker og katastrofar.

(vedteken av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd i møte 25.januar 2021, sak 2021-012)

Generelt

Bjørnafjorden kommune har:

- eit psykososialt kriseteam der soknepresten i Os er medlem (sjå vedlegg – prosedyre for gruppa – til internt bruk)
- ei kommunal kriseleing der kommunedirektøren er leiar.

Uavhengig av desse teama må Den norske kyrkja i Bjørnafjorden ha beredskap for å handtere ulike situasjonar på kort sikt, dvs dei første timane, og på lenger sikt, dvs neste dag og dagane som kjem.

Denne planen skisserer kven som har ansvar for kva, og på kva tid, som gjeld kyrkja i Bjørnafjorden.

Varsling

I kontortida er det tenestegjerande prest i soknet som har vakt. Dvs mellom kl.08.00 – 15.00 alle kvardagar.

Telefon Os kyrkjekontor: 56572400. Telefon Fusa kyrkjekontor: 56580181.

Utanom denne tida er det alltid ein prest i beredskapsområdet som har beredskapsvakt. **Politiet** har telefonnummeret til beredskapstenesta.

Open kyrkje/lystenning/minnemarkering.

Form og innhald på minnemarkeringar kan variere og er avhengig av kven tilbodet er retta mot. Det er til dømes stor forskjell på minneandakt for konkrete grupper som skuleklassar og «open kyrkje» for alle. Når t.d. ein ungdom eller en konfirmant døyr, er det viktig at prest er med og vurderer kva type minnemarkering som er naturleg.

• Kva treng vi i kyrkjerommet?

Utstyr/ hugseliste:

- bord med kvit duk, lysestake med kvitt lys, plass for bilete av den/dei døde,
- blomsterbukett.
- mange T-lys og noko å plassere dei på. Skiferheller kan være gode å bruke. OBS- brannfare.
- Utstyr til å leggje til rette for musikk – stor utvikling på området dei seinare åra.
- Minnebok, protokoll der dei som vil/kan skrive namnet sitt, og/eller ei helsing (vurderast om det er aktuelt ved kvart høve)
- Det kan vere naturleg å ringje med kyrkjeklokkene når det er tillyst minnemarkering til eit konkret tidspunkt.

Kvart kyrkjekontor skal ha 1-2 protokollar/minnebøker liggjande på kontoret. Elles reknar ein med at det andre som trengs finst i kyrkja eller på det lokale kontoret.

- **Kven leier og organiserar open kyrkje/ minnemarkering?**

I tillegg til vanleg mannskap treng vi minst tre personar med kvar sine klare funksjonar:

- ein har eit særskilt ansvar som vertskap, ved å møte og ta i mot dei som kjem.
- ein har eit særskilt ansvar for heilskapen/innhaldet/programmet
- ein har eit særskilt ansvar for å vere der, tilgjengeleg for samtale og vere observant på dei som har spesielle behov.
Prest i samarbeid med aktuelle instansar/personar har eit særskilt ansvar for eventuelt å søkje medverknad frå andre ressurser.

- **Flagging ved kyrkjene.**

Vi har ikkje flaggstenger ved kyrkjene i Bjørnafjorden. Tunet har flaggstang. Her følgjer ein dei nasjonale reglane for flagging.

- **Program/innhald:**

Tenestegjerande prest, saman med tilsette/samarbeidspartnarar, har ansvar for innhald og program.

- **Sosial ramme:**

Det er viktig å leggje til rette for uformell samtale, ein "kaffikrok" i tilknytning til Open kyrkje/minnemarkering/minneandakt.

Det er viktig å spele på lag med dei frivillige.

- **Praktisk tilrettelegging:**

Prestane har materiell som kan brukast ved Open kyrkje.

- **Annonsering ved «open kyrkje»:**

Kven tar ansvar for å formidle slik informasjon? Må avklarast med kommunen sine tilsette.

Aktuelle måtar å gjere dette på:

- lokalradio
- lokalavis
- lokale nettsider i sokn og fellesråd
- kommunen si nettside
- samarbeid med kommunalt kriseteam
- skular
- kontaktpersonar i lag og organisasjonar
- SMS til aktuelle nettverk/personer
- Sosiale medier. Facebook.

- **Media:**

Kven har ansvar for å stå frem i media?

Prost og kyrkjevevjerje avtalar kven som skal vere mediekontakt.

- **Oppfølging:**

I samband med gravferder følgjer ein vanlege reglar og presten er til disposisjon for samtalar.

Næraste pårørande får oppfølging frå kyrkja, og invitasjon til sorggruppe vil kome på eit seinare tidspunkt om ein har eit lokalt tilbod om det.

Oppfølging/debrifing av tilsette i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd og bispedøme:

Involverte skal samlast innan 24 timar for gruppesamtale. Ansvarleg: Prost/kyrkjevevje. Alle tilsette og frivillige skal få tilbod om samtale i etterkant med bedriftshelseteneste eller anna spesialistteneste innan samtale/sjelesorg.

- **Store gravferder:**

Kyrkjevevja er ansvarleg for det praktiske i og rundt kyrkjene, samt på gravplassen.

- Vurdere bruk av parkeringsvakter
- Ha kontakt med politiet og bistand frå dei ved seremoniar der det er trong for t.d. styring av trafikk og handtering av pressa
- Obs – brannforskrifter. Kyrkjetenar er brannansvarleg. Ein friviljug eller tilsett til å vere brannvakt i våpenhuset under seremonien. Sjå eigen instruks.
- Leggje til rette for at gravferdsfølge kan følge seremonien utanfor kyrkjerommet om det lar seg praktisk gjere og familien ynskjer det.
- Informasjon til pressa vedrørande seremonien er presten sitt ansvar, evt at det vert ei deling mellom sokneprest og kyrkjevevje. Sjå eige formular.